

5473 Klagar meiner at del av tiltaket – ny kjørebru – ligg (ut frå teikningane) nærare nabogrense enn 4 meter og krev såleis samtykkje/dispensasjon frå bygningsmynde. Dette er ikkje særskild vurdert og må føra til at vedtaket vert oppheva.

Tiltakshavar meiner det er den same gamle låvebrua som alltid har stått der, og den skal ikkje endrast. Låven skal få ny kledning på veggane, og taket skal reparerast.

Rådmannen har ikkje sett på den eksisterande låvebrua som eit søknadspliktig tiltak som trong behandlast i denne søknadsprosessen. Den gamle låven skal rehabiliterast, og det er heller ikkje søknadspliktig. Viss dette skulle vore vurdert som ei dispensasjonssak ville rådmannen mest truleg gitt dispensasjon jf. Pbl § 19-2 og § 29-4, grunngjeve med at tiltaket er eksisterande, det er ikkje fare for brannsmitte, då dekket er i betong, og delar av brua ligg på bakkeplan. Den avmerka grensa på kartet kan vera unøyaktig, då dette ikkje er ei oppmålt grense. (Digitalisert frå kart i målestokk 1:5000) For å kunna ta eksakt stilling til saka måtte grensa vore nøyaktig påvist.

Nabo Ivar Kåre Døssland har sendt e-post (23.01.13) med tilleggsinformasjon til klagen. Desse momenta vert ikkje kommentert, då desse er kome inn etter formell klagefrist er gått ut, men dokumentet vert lagt med til informasjon.

Klargjering av areal eksisterand og ny del: Bruksareal BRA for eksisterande bygg er 207 m<sup>2</sup> over to høgder (H01 127/H02 80), bebygd areal BYA 141 m<sup>2</sup>. Tilbygget er 150 m<sup>2</sup> BRA – 179 m<sup>2</sup> BYA.

**Konklusjon:**

Rådmannen finn ikkje at klagen tilfører saka nye moment og opprettheld sitt vedtak av 13.06.2012. I tillegg tek ein inn at tiltaket ikkje er i strid med § 1 i Jordlova. Dette er ein driftsbygning, og treng ikkje omdisponering etter jordlova § 9.”

-----  
**Vedtaket sendast til:**

Fylkesmannen i Hordaland, justis og forvaltningsavdelinga for endeleg avgjerd.

**Kopi til:**

Partane

**Vedlegg:**

Klage frå Advokatfirmaet Harris dat. 12.07.2012

Uttale til klagen frå tiltakshavar dat. 28.12.2012

E-post m/tilleggsopplysningar frå Ivar Kåre Døssland, dat. 23.01.2013

Tilleggsopplysningar frå tiltakshavar mottatt 06.02.2013

Saksdokument for påklaga handsaming i forvaltningskomiteen 13.06.12 (Ikkje vedlagt denne handsaminga, men skal eventuelt leggjast ved dersom saka går vidare til fylkesmannen)